

OPPSUMMERING FRÅ FOLKEMØTE OM KOMMUNEPLAN.

Tid: 27.04.17.

Stad: Seljord barneskule.

Tema: Det gode livsløpet i Seljord.

Møteleiar: ordførar Halfdan Haugan.

Innleiar: Lars Ueland Kobro, Høgskulen i Sør-Øst Norge.

Tal på frammøtte: 30

Kort orientering om kommuneplanarbeidet v/kommunalsjef Frid Berge.

Kommuneplanen skal gi viktige styringssignaler.

Det har vore eit godt samarbeid med Telemarksforskning og mellom Seljord og kommunane i Midt-Telemark i høve til m.a. å kartlegge utfordringar og mogelegheiter.

Innleiinga til Lars U. Kobro.

Kobro sine lysark er tilgjengelig under i referatet. Kobro stilte fleire spørsmål enn at han ga svar. Her er nokre moment frå hans innleiing:

- Han jobbar med «stedsutvikling» til dagleg. Korleis kan ein stad utvikle seg betre enn sine føresetnader?
- Kva kan politikarane påverke sjølve og kva er gitt?
- Kobro har forska ein del på Seljord kommune. Seljord var for nokre år sidan ein av Norges mest suksessrike distriktskommunar.
- Flaks eller uflaks? Eller utnytta Seljord dei positive ramevilkåra når det gjeld plasseringa til E 134?
- Seljord utvikla ein handelsnæring.
- Tema i dag er korleis har vi det eigentleg i kommunen.
- Kor mykje gjer kommunar ut av sitt handlingsrom?
- Strategi er overordna tenking- planlegging er eit dokument.
- Ni av ti kommunar lager ein plan utan at dei nyttar handlingsrommet.
- Viss framtida hadde vore lik fortida kunne vi leggje fortidas løysingar til grunn.
- Til ein viss grad er det slik, men noko må likevel ha meir fantasi i seg enn det.
- Eit framtidsbilete av Seljord er ikkje eit speilbilde av Seljord.
- Med referanse til måla som stend i planprogrammet: Handlingsrommet ligg i korleis vi gjer det i Seljord.
- Kommunen er unik, noko som ikkje vert nyttiggjort før vi nyttigjer oss det.
- Seljord har vore flinke med sjøormen.
- Det er naudsynt å finna nye ting som kan skape attraktivitet, lyst til å bu, aktivitet osv.
- Kvifor flyttar folk?
- Seljord må gjenskape seg sjølve, alle kjem til å døy, noko som tyder at folk må bli født og reproduserast.
- Få kommunar har laga strategiar for auka fødselsaktivitet- Gjøvik kommune gjorde eit forsøk, utan å lykkast i særleg grad.
- Viktig heller å syte for at så mange som mogeleg flyttar til kommunen og færrest mogeleg flyttar ut.
- Det gjeld arbeidsinnvandrarar, asylsøkarar og vanleg sosial mobilitet kring etniske nordmenn.
- Alt henger saman med alt, og dette skaper utfordringar i komplekse samfunn.
- Men alt henger ikkje saman med alt heilt vilkårslaust- korleis kan vi påvirke desse samanhengane?

- På 98% av alt areal i Noreg bur det ikkje folk i det heile teke. Mens alle norske kommunar reklamerer med flott natur og friluftaktivitetar?!
- Det fins knapt ein eineste kommune som ikke har det. Difor er det ikkje nok å byggje konkurransegrunnlag på natur åleine.
- Det er viktig med gode strategiske prosessar. Lagar dykk noko som adskiller seg frå konkurrentane?
- Byggjer dykk strategiane på dykkar reine fordeler?
- Rettar dykk strategien mot «alt for alle» eller søker dykk ein spesiell posisjon?
- Det er mogeleg å gjere båe delar, men noko må spissast mot enkelte grupper.
- Ein må «stadifisera» måten å gjere tinga på, slik ein berre gjer det i Seljord.
- Og ligg det noko nytt i den strategiske tenkinga?
- Motstand mot forandring og det å vere opphengde i gamle løysingar er eit kjent fenomen.
- Men ein må slutte å oppfatte nye løysingar som kritikk av dei/det gamle.
- Det er viktig å komme seg ut av opptåkka stier for å lykkast.
- Dykk som bur i Seljord er privilegira- det er berre dykk som «kan» Seljord.
- Men er dykk kanskje offer for vanetenking?
- Vi «ser» det vi forventar å sjå, og det er krevjande å forandre etablerte tankemønster. Men hjernen kan manipulerast til å sjå ting annleis. (Nevnte eit døme frå Mexico city for å få fleire til å sykle enn til å køyre bil)
- Det fins også gode døme på at norske kommunar har kopla saman arbeidsløyse frå Nav-systemet, som treng aktivitet og inntekt, med eldre og demente som treng meir sosial kontakt i kvardagen.
- Vi treng skular der det veks i alle tydingar av ordet.
- Og det er viktig og naudsynt at vi kan vere litt «gale» for å få ting til.
- At Seljord har bygd eit observasjonstårn der folk kan sjå etter ein sjøorm som ikke finst er eit godt tiltak!
- Viktig å skape noko som er «seljordsk», kan til dømes vere ein skule som ikkje berre nyttar naturen men som er i naturen.
- Og det er viktig å skape førestillingar om kva framtid vi ynskjer oss.

Gruppearbeid.

Etter innleiinga til Kobro vart forsamlinga dela inn i 4 grupper og gruppene fekk fylgjande tema og spørsmål som dei skulle diskutere:

Seljord er kjent for:

- Ein skule som skapar trivsel- ein trivsel som i sin tur skapar ekstraordinære gode skuleresultat. Kva kjenneteiknar ein slik skule? Korleis kjem vi dit?
- Tilrettelagde fritidsarenaer, tilbud og aktivitetar som innbyggjarane fyller med ja-mentalitet, vitalitet, inkludering og livsglede. Kva kjenneteiknar ein slik kommune? Korleis kjem vi dit?
- Ein helse og omsorgsteneste kor ei rad aktørar deltek i tenester og aktivitetar der brukarane er i fokus. Ein kommune der ein gler seg til å ta fatt på alderdomen. Kva kjenneteiknar ein slik kommune? Korleis kjem vi dit?

Hovudmoment- tilbakemelding frå gruppene.

Gruppe 1

- Ein mobbefri skule. Gode tiltak for å få det til.
 - Stor trivselsfaktor
 - Integrasjon av nye innbyggjarar
 - Lærarane er viktige for å skape trivsel.
 - Aktivitetane på skulen er viktige, turer til Polen, skidagar, osv
 - Felleskapsånd er ein viktig faktor for trivsel.
 - Lokalhistorisk kunnskap. Mykje fins, jo meir ungane kan om dette, jo meir trivsel og «seljordingar» blir dei.
 - Fokus på å føle mestring, kring kunnskap og aktivitetar. Dette vil gjere at dei får eit godt skuleløp.
 - Viktig også med forandring på skulen, gode lærerar og bra med utstyr.
-
- Når det gjeld fritid er aktivitetar for born og unge viktige.
 - Det er eit bredt spekter av aktivitetar, både fotball, friidrett og anna idrett. Likeeins stor breidde som allereie fins på kulturskulen er også viktig.
 - Aktivitetar for vaksne og eldre er viktig.
 - Men vi må bli flinkare til å ta tak i mogelegheiter for nye aktivitetar og byggje nye ting.
 - Kan lage eit sentrum med ein turveg, ei «pulsåre» fra diskuplassen til Bjørge med forskjellige aktivitetpunkt for unge og vaksne på vegen.
 - Symjehall og bibliotek er viktig
-
- Når det gjeld helse og omsorg er det viktig å gje dei gamle ein verdig alderdom, med trivsel, personleg nærleik og omsorg, einarom, nærleik til folk og lokalsamfunn og ikkje bli «stua» inn på eit rom.
-

Gruppe 2.

- Når det gjeld skule er gode lærarar naudsynt og å bruke nokre «gulrøtter» for å behalde dei.
 - Kursing og etterutdanning, med sikte på å få bukt med mobbing samt trivselsfremjande tiltak. Det er læraren som formar ungane.
 - Kvifor skal alle skuleplassar ha asfalt?
 - Bør tenke litt meir uteskule for dei minste 1-3. trinn, som ved barnehage.
 - «Leike seg inn i skulen» - syte for god overgang mellom barnehage og skule.
-
- Når det gjeld fritid er dette med «bygdesyssel» like aktuelt i Seljord som «bysyssel» i Oslo, som kan leigast ut til turistar om sommaren.
 - Ta opp att vårveien som revygruppa stod for.
 - Ruste opp området rundt Eventyrøy, sette ut benkar og gjere området meir innbydande sosialt.
 - Legge opp til «vandreruter» som er merka i kulturlandskapet.
 - Kino på dagtid for eldre.

- Når det gjeld helse og omsorg er det viktig å modernisere tidspunkta for måltider på institusjon, f.eks middag kl. 16.
 - Meir individuelt retta eldreomsorg, ikkje samleband.
 - Styrke sosiale kontaktpunkt for dei eldre og satse på trivselsfremjande tiltak, for eksempel i samarbeid med frivillige organisasjonar.
 - Gode og sosialt organisera måltid for dei eldre.
 - Kafe på sjukeheimen, for å ta imot pårørande og besøkjande, som kan bli ein sosial møteplass.
 - 17. mai arrangement også på sjukeheimen (Nesbukti) og også involvere dei på Heddeli.
 - Kople saman eldre og born.
 - Satse på hente- og bringetenester.
 - Tilbod om personleg assistent for dei som treng det.
 - Nattpatrulje for dei som bur heime og treng omsorg og tryggleik nattestid.
-

Gruppe 3.

- Ein skule på elevane sine premiss. Rektors rolle er viktig. Bør det vere ein aldersgrense for rektorer (45 år)? Bør ei slik stilling vere på åremål? Kan lett «gro fast» i stillinga.
 - Nok personalressurs og plass i klassa
 - Lokalt basera undervisning kring lokale emne.
 - Ta i bruk uteområda og lokalhistoria i undervisninga.
 - Utvikle læringsmateriell som er stedsbasera.
 - Ta i bruk ny teknologi.
 - Skulemat. Eit måltid er viktig for meir energi og betre læring.
 - Kulturskule for eksempel med «mekkekurs»

 - Når det gjeld fritid er ny symjehall viktig.
 - Undervannsbasseng i Seljordsvannet- jordvarme sjøormen- behandlingsbad som folkehelseiltak.
 - Satse på toppidrettsutøvarar i friidrett
 - Tilrettelagte turveggar
 - Lågterskeltilbod i samband med turar, må ikkje ekskludere nokon på grunn av prestasjonskrav eller dårleg økonomi.
 - Utlånssentral av utstyr for dei som treng det.
 - Kommunen må samarbeide aktivt med frivillige og gje støtte
 - Frivilligsentralen er bra for vaksne, men bør få fleire tilbod mot barn og unge

 - Når det gjeld helse og omsorg kan ein pub på sjukeheimen vere bra.
 - Ein liten stilling på 13 % kan ingen leve av- krav om heile stillingar.
 - Meir rullering for tilsette
 - Fleire frivillige inn i pleie og omsorgstiltak, til å snakke med dei eldre og lage aktivitetar.
 - Eit eige servicekontor for brukarane slik at det er enkelt å finne fram.
 - Eit senioruniversitet / seniorbibliotek?
 - Styrke heimetenestene, med betre tilrettelegging for dei som ynskjer å bu heime.
 - Utvikle velferdsteknologi.
-

Gruppe 4.

- Når det gjeld skule er fellesskap eit viktig mål
 - Fritid: Det må leggjast til rette for meir fellesarenaer, fellesskap, felles måltid osv
 - Møteplassar, der ein kan møtast og bli kjent
 - Til dømes utlån av barnehagen til barneselskap.
 - Alle kan ikkje møtast på kafe for det kostar pengar.
 - Spele på lag med innvandrarane.
 - Nyttiggjere ressursar som finst ute i naturen
 - Fornyng av dugnadskonseptet- knyte kontakt til kulturskulen
 - Mekkeklubb for ungdom på same måte som det fins bingo for eldre
-
- Helse og omsorg: Samhandlingsreformen, tidleg heim frå sjukehus; kompetansen i kommunane må hevast
 - Må bli fleire korttidsplassar, garanti for at dette blir gjeven i Seljord og ikkje i til dømes Treungen.
 - Aktivitørstilling som er ambulerande og for dei som bur heime, slik at alle kan bu heime.
 - Leikeplass med toalettanlegg ved Nesbukti, som ein møteplass for born og eldre.
 - Meiningsfulle kultur og fritidsaktivitetar for eldre.